

**SAKSFRAMLEGG**

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Oliver Gravermoen	FE-230	22/1132

Prioritering av spelemiddelsøknadar for anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2022**Vedlagte saksdokument:**

FøresegnSpelemidlarIdrett2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune søker om spelemidlar etter følgjande prioriteringsliste. Alle tiltak er tidlegare vedteke i kommunestyret, med spelemidlar som del av finansieringa. Alle er ferdigstilte.

Kommunedirektøren sender inn felles søknad innan søknadsfrist 15. jan 2021:

Ordinære anlegg:

Prioritering	Anleggsnr.	Anlegg	Søkjar	Søknadssum	Status
1	74764	Folkebadet	Vaksdal kommune	4 249 000	Ferdig

Nærmiljøanlegg:

Prioritering	Anleggsnr.	Anlegg	Søkjar	Søknadssum	Status
1	76350	Dagsturhytta	Vaksdal kommune	458 000	Ferdig
2	77677	Jungelbane Dale skule	Vaksdal kommune	136 000	Ferdig
3	77678	Skileikbakke Dale skule	Vaksdal kommune	61 000	Ferdig
4	80508	Balanseløype Vaksdal skule (Vs.)	Vaksdal kommune	322 000	Ferdig
5	80509	Trampoliner, Vs.	Vaksdal kommune	133 000	Ferdig
6	80511	Multiarena, Vs.	Vaksdal kommune	93 000	Ferdig
7	80510	Bordtennisbord, Vs.	Vaksdal kommune	26 000	Ferdig

Saksopplysningar:**Samandrag/konklusjon (kort om saka)**

Vaksdal kommune sender innan fristen 15. jan 2021 ei liste over anlegg innan idrett og fysisk aktivitet kommunen ynskjer å søkje spelemidlar for. Prosjekta på lista vert prioritert av kommunestyret etter vedtak.

Bakgrunn for saka

I 2022 vart det totalt tildelt om lag 3,3 milliarder norske kroner av overskotet til Norsk Tipping i spelemidlar til idrettsformål. Vestland fylkeskommune tildelte derav 247 millioner kroner til *anlegg* for idrett og fysisk aktivitet. Ordninga er avgjerande for å utvikle idretten og legge til rette for aktivitet for særleg barn og unge i kommunane.

I spelemiddelordninga skillast det mellom ordinære anlegg – t.d. ein fotballbane og andre konkurransebaserte anlegg for organisert idrett – og nærmiljøanlegg – t.d. ein aktivitetspark. Førstnemnte kan som regel få inntil ein tredel stønad til etableringskostnadene, medan sistnemte får inntil 50% i tilskot. I Vaksdal kommune har slike tilskot bidrige vesentleg til å få realisert idrettsanlegg i heile kommunen, men også på Dale skule har spelemiddelordninga hatt ei sentral rolle i finansieringa.

Det er strenge krav til m.a. søkjær, utforming av anlegget, finansiering og driftsplaner mm. Tiltaket må m.a. vera fullfinansiert, og utformingskrava til spelemiddelordninga er eit vesentleg påskudd for at idretts- og nærmiljøanlegg vert universelt utforma og formålstøynd til dei ulike idrettane og aktivitetane som har glede av tilskotet.

Prosessen er slik at potensielle søkerar førebur ein søknad saman med kommunen, som mottek søknadar via nettstedet anleggsregisteret.no. Sidan er det krav om ein politisk prioritering av søknadar, som i dette saksframlegget. Grunna høg søknadsmengd og avgrensa midlar er forventa ventetid til utbetaling av godkjente søknadar no om lag 2-3 år. I år har ingen kvalifiserte lag hatt prosjekt som var modne nok til å söke om spelemidler. Det vil difor vera kun kommunale prosjekt på årets søknadsliste.

Prosjekta prioriteres etter følgjande kriteria:

- Kor mange år har søknaden vore innsendt utan å verte tildelt midlar
- Status for prosjektet
- Søknadssum

Formelt grunnlag

Vedlagte føresegner for tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet (Kulturdepartementet).

Vurdering og konsekvensar

Prioritering mellom prosjekta kan ha betydning for kva prosjekt som får tildelt spelemidlar, og kor mykje. Difor vil ikkje-kommunale prosjekt normalt prioriterast høgast. I år prioriterast eldre søknadar høgast. Alle søknadar har vore diskutert med spelemiddelkontakt i Vestland fylkeskommune og er kvalifiserte.